



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/fra Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidrarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnssoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Miljøarbeidar - 100% engasjement

### Stillingsinformasjon

I samband med busetting og integrering av personar med fluktbakgrunn har kommunen fått nokre nye innbyggjarar med særskilte utfordringar. Vi søker etter ein miljøarbeidar som kan følge einslege mindreårige og andre personar med spesielle behov. Miljøarbeidaren si rolle vil vera å bistå dei busette i ein overgangsfase. Den som vert tilsett vil ha kontorplass på Nav Meland og delta i arbeidet ved kontoret.

### Arbeidsplass

Nav skal gje menneske mogelegheiter og vårt hovudmål er å få fleire i arbeid og færre på trygd. Vi ser etter deg med pågangsmot og engasjement som ynskjer meiningsfulle og varierte arbeidsoppgåver. Ein viktig del av NAV Meland sitt arbeid er å busette flyktingar og leggje til rette for at våre nye innbyggjarar klarer seg sjølv anten i arbeid eller skule.

Vi skal og sjå til at dei vi busett blir ein del av samfunnet og klarer seg sjølv i heimesituasjonen.

### Arbeidsoppgåver

- Integrering av nyankomne flyktingar med samansette behov
- Oppfølging av personar med samansette behov og bistå i deira samhandling med behandlingsapparatet og tenesteapparatet elles
- Oppfølging av einslege mindreårige i skulen
- Syta for at dei einslege mindreårige får høve til å delta på aktuelle fritidstilbod
- Delta i det øvrige arbeidet ved flyktingtenestesta ved Nav Meland

### Kvalifikasjonskrav

3-årig høgare sosialfagleg utdanning, lærarutdanning eller fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar.

Erfaring fra liknande arbeid kan kompensere for manglende formell utdanning.

Då miljøarbeidaren skal arbeide i miljøet til arabisktalande personar, søker Nav Meland etter ein person med to-språkleg kompetanse (arabisk-norsk).

### Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 08.07.2018

Utlýst dato 20.06.2018

Vårref

59/18

### Kontaktperson

Arngunna Haga, Leiar NAV, mobil: 99372098, arngunna.haga@nav.no